



Viktig trio i vassverket: Formann Hans Reidar Kjærland, forretningsfører Terje Myklebust og vassforbrukar Marit Hjørnevåg (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det private vassverket i Uskedalen klarer oppgåva si like godt som eit kommunalt vassverk.

Det sa formann Hans Reidar Kjærland under årsmøtet i kveld, som handsama fleire viktige saker - som reservevasskjelde og utbygging av nye felt. Diverre kom berre 7 på møtet.

Vassverket blir i stor grad drive av 2 mann - formann Kjærland og forretningsfører Terje Myklebust.

Dei har har no har stått på i 20 og 25 år.

Men Kjærland streka under at også resten av styret gjer ein god jobb utover å stilla opp på møter.

Til dømes deltek dei i lekkasjøsøk, også i helgene'hvis noko skjer. Representanten for den største vassforbrukaren Marit Hjørnevåg streka under den viktige funksjonen til styret.

- Det er utruleg viktig å ha eit oppegående styre. Ved problem med vassforsyninga kjem til dømes vi i fare for å måtte stengja anlegget, sa ho.

Kjærland streka under det gode samarbeidet med Hjørnevåg, som har redusert vassforbruket sterkt gjennom omlegging av rutinane.

Dei som sit i styret etter at Johannes K. Feet vart attvald er Hans Reidar Kjærland, Thom O. Haugland, Tor Ove Rød og Øyvind Sture.

Av årsmeldinga gjekk det fram at talet på abonnentar nå har passert 400 etter å ha auka med 13. Auken har mllom anna samanheng med Hagetunet-utbygginga. Årsrekneskapan er oppgjort med eit underskott på 98 329 kroner mot eit overskott på 239 154 året før. Inntektene gjekk noko ned samstundes som

driftskostnadane auka. Gjelda er noko mindre enn året før og er 809 520 kroner. Vassavgifta vart ikkje auka i fjor.

Hagetunet, og leidning til Børnes var to investeringsoppgåver i fjor. Mattilsynet har hatt tilsyn og har lagt fram ein svært positiv konklusjon.

Formannen opplyste at jordskiftesaka isom skal avgjera kven som eig fallet i Eikedalen no nærmar seg slutten. Saka vil avgjera om det blir kraftutbyggjing i elva.

Det vart vedteke ei rekkje vedtektsendringar som tilpasning til dei kommunale reglane.

Av Ola Matti Mathisen